

Referat frå møte i FAU 22.09.25

Stad og tid: Personalrom ungdomsskulen onsdag 22.09.25 kl.17.30

Deltakarar: Camilla Klakegg (2.klasse), Karina Hugøy Fischer (3.klasse), Ole Martin Eide (5.klasse), Iselin Sunde (6.klasse), Aiste Zelve (vara, 7.klassa), Marte Hundvebakke (9.klasse), Jakob Andre Sandal (10.klasse) og Annette Dale Natås (rektor)

Fråfall: Anne Marte Sofie Berglund Ellertsen (1.klasse), Monica Vaulen (4.klasse), Trond Dvergsdal (7.klasse), Thomas Heggelund (8.klasse)

Referent: Annette Dale Natås

Saker:

- Presentasjon av representantane og info om FAU sine oppgåver (jf. plan for brukarmedverknad (<https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/i276ed11e-5960-4fab-a3a1-01e8799f2219/plan-for-brukarmedverknad-sunnfjord.pdf>)).
- Konstituere nytt styre i FAU og val av representantar til SU/SMU
 - Leiar: Jakob Andre Sandal
 - Nestleiar: Marte M. Hundvebakke
 - Sekretær: Karina Hugøy Fischer
 - Styremedlem: Iselin Sunde
 - Deltakarar i SMU: Jakob Andre Sandal, Marte M. Hundvebakke og Ole Martin Eide.
- Informasjon frå rektor i høve skuleåret 25-26
 - Nytt skuleår etter ny ressursmodell, knappare ressursar og ein timeplan som må ta omsyn til det. Vi er inne i budsjettprosess for 2026.
 - Innsparingar i høve symjing, ope frå v. 42 og fram til påske. Innsparing i høve midtskyss, har endra langdag for ungdomsskulen til onsdagar og kutta skyssen kl. 14.30.
 - Skulen jobbar med å utarbeide handlingsplan for utviklingsarbeid (m.a inkluderande praksis, vurdering og begynnarpplæring), denne vert tema i møte i november
 - Kartleggingsplanen for Sunnfjord kommune: vi gjennomfører i haust Nasjonale prøver (5., 8. og 9. trinn), kartleggingsprøver (3. trinn), elevundersøkinga (7. og 10. trinn) og Spekter digital (rektor sender informasjon heim).
 - Nytt permisjonsreglement – søknadsskjema på heimesida til Sunnfjord kommune. Kontaktlærarane kan gjere vedtak for 1.-3. dagar (rektor sender informasjon heim).
- Ymse
 - Avtroppande FAU-leiar Solfrid Trå orienterte om søknadar som er sendt til Sparebankstiftinga; Fallunderlag til klatreparken og ferdigstilling av sykkelparkering ved samfunnshuset.
 - Drøfting kring fleire trafikktryggjande tiltak, ev. søkje til 1. februar (Fylkeskommunale midlar)
 - Er ei utfordring med ein del køyring opp til samfunnshus og «øya», på - og avstigingsplassen skal nyttast.